



Aktuell fôringsstrategi for geit: Fôring etter planlagt avdrått

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit - TINE

Sammendrag

I samarbeid med Topp Team Fôring Geit har Øyvind Hanssen i 2012 gjennomført ei utprøving med fôring etter planlagt avdrått/standard laktasjons kurve.

Publisert

2013

Referanse

Sau og Geit nr. 2/2013

Utskriftsdato

31.07.2021 www.fag.nsg.no

Fôring etter planlagt avdrått

I samarbeid med Topp Team Fôring Geit har Øyvind Hanssen i 2012 gjennomført ei utprøving med fôring etter planlagt avdrått/standard laktasjonskurve.

I halvdelen av besetninga på 200 geiter gjennomførte produsenten ein fôringsstrategi med kraftfordifferensiering etter avdrått. Kraftfordifferensieringa føregikk frå ca. 60 dagar til 120 dagar ut i laktasjonen, og deretter styrt nedtrapping av kraftfôret fram mot avsinning.

Avdråttsutviklinga i besetninga syner liten skilnad mellom geiter på konstant kraftfôrnivå gjennom laktasjonen og geiter med kraftfordifferensiering og deretter gradvis nedtrapping av kraftfôret. Liten skilnad i avdråttutvikling tyder på at geitene har kompensert for nedgang i kraftfôrmengde med høgare grovfôropptak.

Høg avdrått – ei målsetjing i 2012

Hovudmålsetjing i besetninga var å få kontroll på nivå av frie fettstoffer (ffs), heve tørrstoffinnhaldet og unngå diaréproblem. Desse målsetjingane vart nådd (Sau og Geit nr. 1/2013). I tillegg var målsetjinga å oppnå minst 1.000 kg i gjennomsnittlig årsavdrått.

Tabell 1:

	2012	2011
Tal årsgeiter	200	187
Kg mjølk per årsgeit	1.065	1.097
Kg PLF per årsgeit	116,5	115,9

Tabell 1 syner at ein oppnådde noko lågare avdrått i besetninga i 2012 enn i 2011, men kvar geit har produsert 0,6 kg meir tørrstoff.

Moglege årsaker til lågare avdrått:

- Fôringsstrategi med størst vekt på rasjonar som gir god vomfunksjon, høgare tørrstoffinnhald, lågt nivå av ffs og god utnytting av grovfôret.

- Opptappingsstrategi for kraftfôret etter kjeing: langsommare opptapping for å ivareta vommiljøet og oppretthalde grovfôropptaket.
- Problem med kraftfôrstasjonar i juni resulterte i eit betydeleg fall i avdrått, særleg hos dei høgst ytande

geitene. Geitene tok seg aldri oppatt i avdrått etter dette.

- Håbeite i august: Gjenvekst etter 1. slåttan var svært dårleg pga. låg temperatur og dårleg vær. Vanlegvis aukar geitene mjølkemengda på håbeite, noko som ikkje skjedde siste året.




Fig. 1: Utvikling i avdrått hos førstelaktasjonsgeiter fram til kontroll nr. 5 i november.




Fig. 2: Utvikling i avdrått hos eldre geiter fram til kontroll nr. 5 i november.

- Vanskelege innhaustingsforhold gjorde at slåttetidspunktet vart seinare enn ideelt og grovførkvaliteten frå sesongen 2012 er svakare enn normalt.

Føringsstrategi og grovførøpptak

I eine halvdelen av besetninga, ca. 100 geiter, vart det lagt opp ein kraftfôrstrategi som fylgjer ein standard laktasjonskurve.

Frå ca. 120 dagar ut i laktasjonen, starta ein ei systematisk nedtrapping av kraftfôret fram mot avsining. Nedtrapping i kraftfôrmengde var bestemt av avdråttsnivå ved start på nedtrapping og forventa nedgang i mjølk fram til avsining. Nedtrapping innebar ein reduksjon i kraftfôrnivået på 0,5 kg i kvar avdråttgruppe for vaksne geiter og 0,3 kg for åringar. I den andre halvdelen av besetninga gjorde ein ikkje endringar i kraftfôrtildeling på noko tidspunkt i laktasjonen.

Hos førstelaktasjonsgeitene var det ikkje skilnad i utvikling i kg EKM i dei to gruppene.

Frå juli til august var det litt større nedgang i avdrått i gruppa som stod på styrt nedtrapping av kraftfôr enn for dei som fekk same kraftfôrmengda. Skilnaden er neppe statistisk sikker. Utviklinga i avdrått frå august til november var lik i begge grupper. Dette tyder på at geitene som har fått nedtrapping i kraftfôrrasjon har kompensert med høgare grovførøpptak.

Fôranalyser av grovfôret i denne perioden synte middels kvalitet når det gjeld energiinnhald og fordøyelighet. NDF-innhaldet var høgt, heile 613 g NDF per kg TS. Dette gjer at grovfôret fyller mykje i vomma og vanlegvis reduserer grovførøpptaket, men likevel ser det her ut til at geitene har kompensert med høgare grovførøpptak.

Føring etter planlagt avdrått bør vere ein interessant føringsstrategi å prøve i fleire besetningar, spesielt der ein har appetittføring med grovfôr, god grovførkvalitet og mulighet for gradvis nedtrapping av kraftfôr gjennom kraftfôrautomatar.

Av Helga Kvamsås
Topp Team Føring Geit

SPENMAX – de grønne styrkedråpene jurbetennelse eller andre problemer?

For gris, sau og melkekyr



Tlf. 37 04 49 44/ 930 50 175.
Se ellers på: www.spenmax.no og
www.urtemax.no

- Tar de fleste betennelsesproblemer.
- Ca. kr 100,- pr. behandling.
- Mange fornøyde brukere i norsk landbruk.
- 20 års forskning.
- 100% naturprodukt.

1 fl. kun kr 750,- eks mva/frakt (nok til 8-10 behandlinger).
Kjøp 2 fl. og få en gratis!

Spenmax
– de foredlede dråper for dyr og mennesker fra naturens eget spisskammer.



Tidsstyrt tildeling av kraftfôr for småfe!




Tlf. 988 37 446 www.flexifor.no

STREKKMETALL

Gunstige priser – ta kontakt for tilbud!

- Strekkmetallrister
- Galvaniserte
- Lause eller på sjølvberande ramme
- Innreiingar
- Ferister
- Drikkerenner
- Gjødselportar
- Alle typar verkstadoppdrag



SOGNEPRODUKT.NO
– ei bru til arbeidslivet

6893 Vik i Sogn, Tlf. 57 69 83 40

www.sogneprodukt.no · epost: post@sogneprodukt.no